

Om året 2017 – Gloppen folkebibliotek:

## *Lesevener, lesarhistorier – og lesing i skogen*



Eit tilbakeblikk på 2017 viser myldrande aktivitet, men også ein krevjande budsjettprosess som enda med mellombels stenging av Hyen bibliotek til ny skule står klar. Det er likevel mange gledelege ting som kan nemnast frå året som gjekk:

**Lesevener:** Ein leseven (eller leseombod) er ein som les høgt for enkeltpersonar eller mindre grupper. Gjennom eit samarbeid mellom biblioteket, Gloppen Frivilligsentral, Gloppen Mållag og omlag 15 frivillige får no mange besøk av ein leseven.

**Lesarhistorier:** Barnebibliotekaren har i to år arbeidd i lag med lærarar på Nordstranda skule. Dei har gitt elevane betre kjennskap til bibliotek og til ulike typar litteratur. No «eig» dei biblioteket sitt og si eiga lesing. Prosjektet har gitt nye erfaringar og ny kompetanse.

**Lesing i skogen:** Dagsturhytta i Trivselsskogen opna 8. desember med nynorsk turbibliotek med nye barnelitteraturperler – til lesing med vid utsikt, på eit fang.

**Utlånet** viser ein nedgang på 5,4 % i 2017, eit år med kun halvårleg drift i Hyen. Nedgangen er venta også ut frå nasjonale trendar med noko mindre utlån, samtidig med auke i arrangement og aktiv formidling av ulik karakter – samtidig som dei digitale tenestene frå biblioteka blir tekne stadig meir i bruk. Utlånet av bøker til vaksne har gått ned med 11%,

og utlånet til barn og unge med 8,8%. Vi ser ei gledeleg auke i utlån av barnebøker på biblioteket på Byrkjelo på 19,8 %, og ein liten nedgang på Sandane med 1,3 %. Utlånet av e-bøker i eBokBib er stabil. Biblioteket merkar konkurransen frå strøymetenester spesielt innan lydbøker og film, med ein nedgang på høvesvis 14,3% og 10,4 % sidan 2016. Biblioteka ventar på ny avtale mellom stat og bokbransje slik at vi kan låne ut lydbøker i appen eBokBib. Biblioteka tilbyr gratis filmutlån via appen Filmbib, og tusenvis av aviser og magasin via appen PressReader.

## ***Arrangement og formidling***

Også i 2017 har det vore stor aktivitet med besøk av barnehagar og skuleklasser. Barnebibliotekaren arrangerer turnéar med forfattarbesøk, og er ute i skular og barnehagar og formidlar sjølv. Biblioteket har hatt fleire ulike arrangement for vaksne, frå «Rolfens lærebøker» til «Den norske islamisten» (film og samtale). Biblioteket samarbeider med ulike aktørar gjennom året, til dømes med fleire arrangement innan Den kulturelle spaserstokken.

## ***Utlånstal***

2017 (Sandane, Byrkjelo og første halvår Hyen): 44.888

2016 (Sandane, Byrkjelo og Hyen): 47.447

2015 (Sandane, Byrkjelo og Hyen): 47.392

## ***Mest utlånte titlar for barn***

1. Steinvokteren / Kazu Kibuishi (Amuletten)
2. Steinvokterens forbannelse / Kazu Kibuishi (Amuletten)
3. Jakob og Neikob : Tjuven slår tilbake / Kari Stai
4. Tanntrobbel / Anna R. Folkestad (Leseland)
5. Krabbekrise / Anne R. Folkestad (Leseland)

## ***Mest utlånte titlar for vaksne***

1. Arv og miljø / Vigdis Hjorth
2. Land ingen har sett / Edvard Hoem
3. To søstre / Åsne Seierstad
4. Tørst / Jo Nesbø
5. Bror din på prærien / Edvard Hoem

## ***Bilde***

- Nynorsk turbibliotek i Dagsturhytta, Trivselsskogen
- Vedlegg: Utlånstatistikk (Excel)